

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. m 9.

Fylke: *Fri. Trondelag*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Strinda*Emne: *Lauving.*Bygdelag: *Byasen.*Oppskr. av: *Skuleinsp H. N. Osnes.*

Gard:

(adresse): *Stame om Trondheim*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter Albert Væden, Byasen, 75 år.

SVAR

Merkparten av Strinda høyrer til dei breie voksterrike bygdene med gode høyauningar og med heller lite skog. Eg måtte derfor ut i utkantane dersom det ikkje skulle verta berre negative svar. Eg har og spurt meg fore litt frå Tebu om grensar til Strinda. Det kunne vera ein stonad også nær det gjaldt Strinda.

A. 1. Det vart no ikkje laua i Strinda. Vart slutt ved hundreårs skiftet. Tidligere var lauet bruka som hjelpefôr i vår, særleg til sauer.

2. Lauvinga gjekk for seg etter slårken.

Lauvet var vesentleg av raun(rogn), bjørk og or(aulder) - kildes osp

3. Redskapene var lauvkniv, og dei hadde eit redskap til å kiggja med greinene med Lauv og aulder og osp kunne rispes med hand og ein hadde gjerne gamle vatter til vern for hande.

4. Lauvet vart mest teke av rotpark tre.

Kylletri er ukjent.

5. Lauvet vart gjerne samla i sekkje og some dag kjøpt inn på låven og tørka på lang brua.

Det kunne og vere laga kjør av kjør, selje og aulder. Dei vart tørka inne, altså i skugg.

6. Vart reist imot vegg. Vart kjørt heim i lønner.

7. Lauvet og laukjerna vart teke både i innmark og utmark. og var helst rekna som arbeid for kvinner og barn.

8. Kjerna vart helst lagt opp på højet.

9. Lauv av rogn og selje var rekna som rettely godt fôr. Rognelauv var helst brukt til kua, kjør til geit og sau.

10. Nei.

11. Felleslauving ukjent.

Lauving kunne skjæ årlig.

B. Liket nedfalslauv var ikkje nytta som fôr, og noko særskilt namn på dette lauvet er ikkje kjent.

1778

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING